

INTENSIJONSAVTALE FOR SAMANSLÅING AV ETNE OG VINDAFJORD

9. JUNI 2016

INNHOLD

1. Bakgrunn	2
1.1 Bakgrunn for intensjonsavtalen	
1.2 Innstilling	
1.3 Grunngjeving	
2. Hovedprinsipp foramanslåingsprosessen	3
2.1 Hovedmål for den nye kommunen	
2.2 Kommunenamn, kommunevåpen, kommunesenter og fylkestilknyting	
3. Politisk styring og lokaldemokrati	4
3.1 Politisk organisering	
3.2 Lokaldemokrati	
4. Administrativ organisering	5
5. Økonomi og investeringar	5
5.1 Økonomi	
5.2 Investeringar	
6. Samfunn, næringsutvikling og infrastruktur	6
6.1 Samfunnsutvikling	
6.2 Infrastruktur	
7. Tenester	7
7.1 Oppvekst	
7.2 Kultur og idrett	
7.3 Helse, pleie og omsorg	
8. Kommunen som arbeidsgjevar	8
9. Involvering og kommunikasjon	9
10. Samanslåingsprosessen og fellesnemnda	9

1. BAKGRUNN

1.1 BAKGRUNN FOR INTENSIJONSAVTALEN

Kommunal- og moderniseringsdepartementet presenterte i mai 2014 kommuneproposisjonen 2015 som skildrar ein heilskapleg plan for ei kommunereform i denne stortingsperioden. Målsetjingane for kommunereforma er:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

I Stortinget si behandling av proposisjonen er det brei politisk semje om hovudlinene i reforma: behovet, måla og oppstart av dei lokale prosessane i 2014. Samanslåingsprosessen skal vera frivillig for dei kommunane som deltar. Viss ein kommune ikkje ønskjer å inngå i ei samanslåing, bør/må dette respekterast. Unntaket kan vera i dei situasjonar der ein enkeltkommune hindrar samanslåingar som kan vera føremålstenlege ut i frå eit regionalt omsyn.

Kommunane Etne og Vindafjord har delteke i ulike regionale prosesser med tanke på å avklara framtidig kommunestruktur. Det er utarbeidd fleire rapportar om dei aktuelle alternativa. Kommunestyra har konkludert med ønskje om å gå vidare med eit alternativ der Etne og Vindafjord etablerer ein ny kommune i lag.

Bakgrunnen for denne intensjonsavtalen er politiske vedtak i begge kommunane der ein ønskjer eit avgjerdsgrunnlag for å ta stilling til om kommunane skal slå seg saman til ein kommune. Intensjonsavtalen er utarbeidd gjennom ein felles prosess der folkevalde, administrasjonen og tillitsvalde har vore med.

1.2 INNSTILLING

Etter ei samla vurdering står Etne og Vindafjord fram som eit høgst aktuelt og framtidsretta alternativ for å byggja ein ny kommune. Ei samanslåing vil gje ein kommune med eit innbyggjartal som gjer kommunen i stand til å handtera dei fleste eksisterande og nye tenesteoppgåver på eiga hand.

Kommunane har som mål å etablera ny kommune frå 01.01.2020.

1.3 GRUNNGJEVING

Fordeler med å etablera ein ny kommune:

- Samla vil ein få eit styrka kompetansemiljø, og dermed grunnlag for fleire og betre tenester
- Meir attraktive arbeidsplassar, større fagmiljø med fleire mogelege karrierevegar
- Sterkare og tredje største kommune på Haugalandet

- Sterkt og variert næringsliv – mindre sårbar for konjunktursvingingar og dermed betre grunnlag for vekst
- Styrka grunnlag for reiseliv og turisme
- Kommunen vert ein av dei største landbrukskommunane i landet
- Meir effektiv kommunedrift og betre økonomisk grunnlag enn om kommunane står kvar for seg

Kommunane har interkommunalt samarbeid på ei rekke område i dag. Det blir meir effektivt administrativt å drifta desse tenestene som ein kommune, og vil gje betre politisk styring.

Kommunane utfyller kvarandre godt på fleire område og har styrke på ulike felt.

2. HOVUDPRINSIPP FOR SAMANSLÅINGSPROSESSEN

Kommunane Etne og Vindafjord er ulike, men likevel likeverdige.

Ein ny kommune skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i dei to kommunane sin styrke og sær preg. Lokal identitet og nærdemokrati skal få høg prioritet. Samarbeidet om å byggja ein ny og framtidsretta kommune skal vera prega av likeverd, rausheit og forståing for kvarandre sin ståstad. Berekraft skal liggja til grunn for utviklinga i den nye kommunen.

Etter at Stortinget våren 2017 har godkjent søknad om kommunesamanslåing, vil det bli starta ein prosess med etablering av fellesnemnd til å samordna og ta seg av førebuing av samanslåinga.

2.1 HOVUDMÅL FOR DEN NYE KOMMUNEN

- Den nye kommunen skal vera ein livskraftig bu- og arbeidskommune i eit av dei vakraste reise- og friluftsmål i landet.
- Det skal arbeidast for å sikra gode oppvekstvilkår for barn og unge i alle delar av kommunen.
- Dei viktigaste stadbundne velferdstenestene skal i størst mogeleg grad leverast nær der innbyggjarane bur.
- Gjennom satsing på digitalisering og innovasjon i samarbeid med innbyggjarar, næringsliv og forskingsmiljø skal den nye kommunen vera langt framme når det gjeld å utvikla og ta i bruk nye løysingar som styrkar tenester og lokalsamfunn.
- Kommunen skal vera ein god og inkluderande arbeidsgjevar som legg vekt på medverknad, innovasjon og omstilling.
- Kommunen skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å løysa utfordringar i framtida og ha god kvalitet i tenestene. Dette vil ein gjera ved å skapa større og sterkare fagmiljø, som gjev betre grunnlag for rekruttering og kompetanseutvikling.
- God og langsiktig økonomistyring skal kjenneteikna den nye kommunen.
- Den nye kommunen skal ha fokus på berekraftig industri, næringsliv, kultur og naturbasert næring med spesiell merksemd på landbruk og reiseliv.

- Kommunen skal ha eit variert kulturliv og leggja tilhøva til rette for den viktige rolla som dei frivillige har i lokalsamfunnet. Dette skal ein oppnå ved å vidareutvikla kulturinstitusjonar og arrangement, og ved å styrka rammevilkåra for frivillige organisasjonar.
- Den nye kommunen skal vera offensiv og ta ein posisjon som gjev politisk påverknadskraft både regionalt og nasjonalt.
- Ny kommune har som målsetjing å styrka lokaldemokratiet og skapa større politisk engasjement.

2.2. KOMMUNENAMN, KOMMUNEVÅPEN, KOMMUNESENTER OG FYLKESTILKNYTING

Fram til samanslåinga reint faktisk finn stad, skal kommunen nemnast «ny kommune».

Kommunesenteret er lagt til Ølen.

Målforma skal vere nynorsk.

Det skal utarbeidast nytt kommunevåpen, ordførarkjede og grafisk profil.

Den nye kommunen vil fram til ny regionreform vera ein del av Rogaland fylke. Den nye kommunen må sikra gode samarbeidsavtalar med nabokommunar og regionar slik at ein får eit optimalt tenestetilbod i alle delar av kommunen.

Den nye kommunen vil arbeida aktivt for etablering av ny Vestlandsregion der Nord-Rogaland og Sunnhordland går samla inn.

3. POLITISK STYRING OG LOKALDEMOKRATI

3.1. POLITISK ORGANISERING

Den politiske organiseringa i kommunen skal sikra lokal medverknad på kommunedelnivå og samtidig syta for gode prosessar i spørsmål som gjeld utvikling av kommunen som heilskap.

Den nye kommunen skal vera organisert etter formannskapsmodellen med 33 medlemmer i kommunestyret og 9 medlemmer i formannskapet. Det skal etablerast ein struktur med fagutval.

3.2. LOKALDEMOKRATI

Kommunen skal vera ein open og tilgjengeleg kommune med god dialog mellom innbyggjarar, politikarar og administrasjon. Kommunen skal leggja til rette for gode medverknadsprosessar med innbyggjarane og andre.

For å styrkja samhandlinga med alle bygdene vil ein vidareutvikla «Grendeutval-modellen». I korte trekk går dette ut på at innbyggjarane i definerte grender/bygder vert oppmoda om å organisera seg i grendeutval. Utvala er ikkje politisk forankra, men forankra i grenda, og er samarbeidspart og høyringsinstans i saker som vedkjem grenda/bygda. Grendeutvala får økonomisk støtte etter nærmere retningslinjer.

4. ADMINISTRATIV ORGANISERING

Ny kommune skal vera ein kompetansearbeidsplass med sterke og solide fagmiljø.

Kommunesenteret skal innehalda det strategiske avgjerdsnivået (kommunestyret, rådmann og kommunalsjefar) med tilhøyrande stabsfunksjonar og servicetorg.

Stabsrelaterte arbeidsplassar kan lokaliserast andre stader enn på rådhuset der dette er føremålstenleg. Moderne informasjons- og IT-løysingar gjer dette mogeleg.

5. ØKONOMI OG INVESTERINGAR

5.1. ØKONOMI

Den nye kommunen sin økonomi skal vera solid i eit langsiktig perspektiv og ha eit forsvarleg økonomisk handlingsrom for å sikra gode tenester til innbyggjarane.

Eksisterande eigendalar, gjeld og garantiar i dei to kommunane går inn i den nye kommunen. Fram til ny kommune er på plass skal hovudlinene i eksisterande økonomiplanar leggjast til grunn.

Satsar for eigenbetaling og gebyr vert like innanfor kommunen.

Eigedomsskatten skal harmoniserast.

Fellesnemnda skal gjennomgå kommunane sine posisjonar i fond, stiftingar, aksjeselskap og pensjonsfond. Fornuftig finansforvaltning skal sikra at realverdien av kommunen sine investeringar vert oppretthaldne.

5.2. INVESTERINGAR

Investeringsprosjekt som allereie er innarbeidd i dei tidlegare kommunane sine økonomiplanar, skal prioriterast i den nye kommunen sitt budsjett og økonomiplan. Det er ein føresetnad at prosjekta er fullfinansierte i balansert budsjett/økonomiplan.

6. SAMFUNNS-, NÆRINGSUTVIKLING OG INFRASTRUKTUR

6.1. SAMFUNNS- OG NÆRINGSUTVIKLING

Kommunen skal med sine naturressursar, næringsverksemd, lokalisering og befolkningsgrunnlag vidareutvikla ny kommune til ein sterk og berekraftig motor på Haugalandet og Sunnhordland.

Det skal vera ei overordna målsetjing å realisera lokalsamfunnet sine behov og interesser, samstundes sjå desse i regional samanheng og vera konkurransedyktig i landsdel og landet.

- Ny kommune skal arbeida for å få lokalisering av og behalda statlege og fylkeskommunale tenester og arbeidsplassar. Dette inneber å arbeida for at det skal vera tilbod om vidaregåande opplæring i både Ølen og Etne.
- Ny kommune skal vera ein næringsvennleg kommune og arbeida for å styrkja handelen i kommunen. Ny kommune skal leggja til rette for fortsatt vekst i etablert næringsliv og nytableringar.
- Akvakultur vert ei stor næring i ny kommune. Denne skal utviklast og balanserast opp mot vern av villaksen og dei lakseførande vassdraga.
- Ny kommune skal arbeida for gode vilkår for landbruket og næringsmiddelindustrien si vidareutvikling. Ny kommune skal arbeida for å oppretthalda landbrukspolitiske verkemiddel og å løfta den nye kommunen over i sonepllasseringa Etne-landbruket har i dag.

6.2. INFRASTRUKTUR

Det skal vera ei overordna prioritering å byggja ut gode kommunikasjonstilbod mellom kommunedelane, som gjer kommunen til ein reell felles bu- og arbeidskommune. Ny kommune skal også vera pådriver for samferdselsløysingar på regionalt og nasjonalt nivå.

Kommunen skal vera ein pådriver for:

- Realisering av kommunedelplan E-134 Bakka-Solheim
- Prioritera at E-134 er den viktigaste vintersikra aust-vest korridoren for Hordaland og Rogaland
- Oppretthalda eit godt tilbod med snøggbåten frå Skånevik og Ølen til Bergen, og Sandeid til Stavanger
- Sikra breibandstilbod og mobildekning for folk og arbeidsliv i alle delar av kommunen
- Meir fylkeskommunale midlar til vedlikehald av fylkeskommunale vegar og kollektiv transport

7. TENESTER

Den nye kommunen skal sikra eit godt, lett tilgjengeleg og likeverdig tenestetilbod for innbyggjarar og næringsliv. For å sikra tenester av høg kvalitet og bruka ressursane rett vil det vera avgjerande at kommunen greier å halda på og styrka relevant kompetanse i konkurransen med andre arbeidsgjevarar i regionen. Brukarnære og stadbundne tenester skal løysast nær der innbyggjarane bur.

Nokre kommunale tenester er ikkje stadbundne og kan lokaliserast friare. Utvikling av desse tenestene kan skje med utgangspunkt i eksisterande fagmiljø. Spesialtenester kan og lokaliserast utanfor kommunesenteret. Kommunane er samde om å sikra kommunale tenester i begge eksisterande kommunehus.

7.1. OPPVEKST

Ny kommune skal ha full barnehagedekning.

Barnehage- og skulestrukturen i Etne og Vindafjord har ulik profil. Ein ny kommune skal arbeida for at alle innbyggjarane får eit barnehage- og skuletilbod av god og likeverdig kvalitet. Den nye kommunen skal satsa på kompetanse og kvalitet i barnehagane og skulane. Ny kommune skal laga ein plan for geografiske opptaksområde for barnehagar.

Ny kommune skal vidareføra avtale om kjøp av barnehageplass ved Skare barnehage og skulegang ved Skare skule for elevar frå Fjæra og Rullestad.

7.2. KULTUR OG IDRETT

Ny kommune skal byggja vidare på Etne sin posisjon som kulturkommune. Satsing på kulturfeltet er viktig for å skapa gode kulturelle møteplassar og oppvekstvilkår.

Sentraladministrasjonen for kulturfeltet skal liggja i Etne. Skakkesenteret skal saman med kommunen utviklast vidare som kompetansesenter i kommunen. Biblioteket i Skakkesenteret i Etne vert hovudbiblioteket i den nye kommunen med eit godt desentralisert tilbod til innbyggjarane.

Kulturskulen skal ha sin hovedbase i Etne med eit desentralisert undervisningstilbod.

7.3 HELSE, PLEIE OG OMSORG

Etne og Vindafjord har ganske lik profil og oppbygging innan helse- og omsorgssektoren. Begge dei tidlegare kommunane er i dag inne i prosessar med tanke på å fornya helse- og omsorgstenestene, for å stå betre rusta til å handtera utfordringane framover. Det er viktig å sjå desse prosessane samla for å sikra at ein får eit heilskapleg tilbod i den nye kommunen. Fellesnemnda skal ta initiativ til å skapa eit samla og framtidsretta tenestetilbod innan helse- og omsorgssektoren med betre tenester enn dei kunne tilbydd åleine. I dette ligg at det skal vera to omsorgssenter i begge dei tidlegare kommunane. Ny kommune skal ha som ambisjon å samla Ø-hjelpstilbod i eigen kommune.

7.4. INTERKOMMUNALT SAMARBEID

I dag deltek kommunane i ei rekke interkommunale samarbeid. Der det er tenleg skal den nye kommunen tilby tenestene.

Den nye kommunen skal ta aktiv del i regionale samarbeidsorgan/regionråd.

8. KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

Medarbeidarane er kommunen sin viktigaste ressurs. Kommunane har i dag høgt kompetente arbeidstakrar. Kommunesamanslåingsprosessen skal ivareta dei tilsette på ein best mogeleg måte.

Det er viktig å leggja tilhøva til rette slik at arbeidstakarane ønskjer å fortsetja å jobba i den nye kommunen. Det skal etablerast ein arbeidsgjevarpolitikk som legg vekt på at det er ulike organisasjonskulturar som skal utviklast til ein felles organisasjonskultur.

Ei kommunesamanslutning er ei verksemどsoverdraging. Det betyr at tilsette har sine rettar og plikter fastsett i lov og avtaleverk.

Eventuelle overallege skal løysast gjennom naturleg avgang.

Ingen skal gå ned i løn, og dei tilsette sine pensjonsrettar skal ikkje verta svekka som følgje av samanslåingsprosessen. Personleg framforhandla avtalar skal oppretthaldast.

Arbeidsgjevarpolitikken skal spela på lag med fagforeiningane og følgja regelverket på ein god måte.

Den nye kommunen skal vera ein av dei mest attraktive arbeidsgjevarane i regionen. Kommunen skal vera inkluderande og ha god dialog med medarbeidarane.

Kommunen skal ha ein handlekraftig og effektiv organisasjon med god leiing, høg kompetanse og kvalitet i alle ledd.

Nokre medarbeidarar vil få nye oppgåver og ny arbeidsstad. Gode prosessar skal sikra at tilsette vert høyrd og kan bidra til omstillinga.

Ved eventuell vidareføring av intensjonsavtalen vil kommunane i samarbeid med tilsette sine organisasjonar utarbeida ein omstillingsavtale som omhandlar korleis endringsprosessen skal gjennomførast i tråd med kap. 16 i Arbeidsmiljølova.

9. INVOLVERING OG KOMMUNIKASJON

Det skal sikrast god informasjon til innbyggjarane i kommunane fram mot folkerøystinga.

Fellesnemnda skal laga ein kommunikasjonsstrategi for samanslåingsprosessen. Vidare skal nemnda leggja til rette for god informasjonsflyt og sikra god medverknad for innbyggjarar. Fellesnemnda skal sikra at innbyggjarar og tilsette får god informasjon.

10. SAMANSLÅINGSPROSESSEN OG FELLESNEMNDA

Det overordna målet for fellesnemnda er å førebu, samordna og gjennomføra arbeidet med å etablera og byggja den nye kommunen.

Samanslåingsprosessen bør gjerast så effektiv og kortvarig som råd er, samtidig som ein skal ha gode og opne prosessar med grundig saksutgreiling, sterk politisk forankring og god dialog med innbyggjarar og tilsette.

Når departementet har gjort vedtak om at kommunar kan slå seg saman, skal det opprettast ei fellesnemnd etter §26 i Inndelingslova. Fellesnemnda skal bestå av Etne formannskap og Vindafjord formannskap. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar.

Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane.

Fellesnemnda kan, fram til den nye kommunen er etablert, uttala seg i saker som er til handsaming i kommunane sine ordinære utval, og som fellesnemnda meiner har konsekvensar for samanslåingsprosessen.

Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet skal bestå av fellesnemnda sine medlemmer og 2 representantar frå kvar kommune, som vert utpeika av tilsette sine organisasjonar.

Dersom det er vilje til samanslåing, vil den nye kommunen fungera frå 01.01.2020. Politiske representantar for den nye kommunen vert valde ved ordinært val hausten 2019.

Organisering og politisk leiing frå kommunevalet og fram til ny kommune vert etablert, vert tatt stilling til av fellesnemnda og kommunestyra i tråd med retningsliner frå styresmaktene.

Avtalen trer i kraft når begge kommunane har vedteke likelydande avtalar i sine kommunestyre, innan 1. juli 2016, med påfølgjande rådgjevande folkerøysting gjennomført i begge kommunane innan september 2016, og endeleg vedtak i kommunestyra innan 1. oktober 2016.

Intensjonsavtale for samanslåing av Etne og Vindafjord

Etne / Ølen, 09.06.2016

Siri Klokkesvær
Siri Klokkesvær
Ordførar Etne kommune

Ole Johan Vierdal
Ole Johan Vierdal
Ordførar Vindafjord kommune

Ingemund Berge
Ingemund Berge
Varaordførar Etne kommune

Steinar Skartland
Steinar Skartland
Varaordførar Vindafjord kommune

